

PLAN FOR FØREBYGGING AV OMSORGSSVIKT OG ÅTFERDSPROBLEM

INNHALD

DEL 1 3

INNLEIING	3
BAKGRUNN OG FORMÅL.....	3
BARNEVERNSREFORMA – EI OPPVEKSTREFORM	3
OMGREPSAVKLARINGAR	4
OMSORGSSVIKT	4
ÅTFERDSVANSKAR	4
TIDLEG INNSATS.....	5
RISIKO- OG BESKYTTELSESEFAKTORAR.....	5
FØREBYGGANDE ARBEID	7
OPPVEKST I ÅSERAL	8
UTFORDRINGSBILDET	9
TILBOD TIL BARN OG UNGE I ÅSERAL KOMMUNE.....	10
TILBOD UTANFOR KOMMUNEN	13
TVERRFAGLEG SAMARBEID.....	13
ANBEFALTE SATSINGSMÅRÅDE.....	14

DEL 2 16

TILTAK.....	16
ALLE BARN, UNGE OG FØRESETTE I ÅSERAL KOMMUNE (UNIVERSELL FØREBYGGING).....	16
BARN OG FØRESETTE MED RISIKO FOR UTVIKLING AV VANSKAR (SELEKTIV FØREBYGGING)	21
BARN OG FØRESETTE MED BEHOV FOR SÆRLEGE TILTAK, BARN OG FØRESETTE SOM HAR UTVIKLA VANSKAR (INDISERT FØREBYGGING)	23
VURDERING	24



DEL 1

INNLEIING

Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsproblem i Åseral kommune gjeld for perioden 2023–2027. Dette er ein temaplan i kommunen sin planstrategi og er relevant for alle tenesteområda i kommunen som involverer barn, unge og familiær. Planen vil vera eit viktig verktøy for å sikra forpliktande og systematisk innsats for å legga til rette for heilskaplege tenester, førebyggande arbeid og tidleg innsats i Åseral kommune.

Barnevernsreforma tredde i kraft i 2022 og har som mål å styrke arbeid med førebygging og tidleg innsats. Reforma blir òg omtalt som ei oppvekstreform, og for å lukkast med å nå måla i reforma og skape eit inkluderande fellesskap, må heile oppvekstfeltet jobbe saman. Vi må ha ei heilskapleg tenking, felles prioriteringar og jobbe strukturert. Planen til Åseral kommune for førebyggande arbeid skal bidra gjennom å:

- Sette retning og rammer for det førebyggande arbeidet
- Synleggjere eksisterande tilbod
- Vere eit grunnlag for vidare utvikling av det førebyggande arbeidet i kommunen

I denne planen er det lagt vekt på førebyggande tiltak for barn og unge 0–18 år i Åseral kommune. Tidleg innsats er hovudmålet i den nye oppvekstreforma: «**Fleire barn skal få rett hjelp til rett tid der dei bur**». Gjennom gode tenester, samhandling og riktige tiltak, skal Åseral kommune bli endå betre på tidleg oppdaging og førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar. Arbeidet knytt til denne planen skal bidra til å nå målet i kommuneplanen sin samfunnssdel om at alle barn og unge skal ha ein trygg og god oppvekst. Samfunnssdelen kan ein lesa på aseral.kommune.no.

Førebyggande plan for barn og unge er eit verktøy for alle som jobbar med barn, unge og familiene deira. Det skal både gje ei oversikt over det førebyggande arbeidet slik det er i dag, samtidig som det skal peika ut vidare satsingsområde. Tverrfagleg innsats for å oppnå målsettingane er viktig. I tillegg ligg det nokre forventningar til vaksne som er engasjerte i lag og foreiningar om å bidra til å nå dei måla og tiltaka som er lista i planen.

BAKGRUNN OG FORMÅL

1. januar 2022 blei den nye barnevernslova sett i verk. [Barnevernloven § 15-1](#) stiller krav til at kommunen skal framme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebygge at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Lova stiller krav om at kommunen skal syte for å samordne tenestetilbodet sitt til barn og familiær, og at kommunestyret skal vedta ein plan for det førebyggande arbeidet på dette feltet.

Barnevernsreforma – ei oppvekstreform

Måla med barnevernsreforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging, hjelpe skal bli betre tilpassa barn og behovet til familiær, rettstryggleiken til barn og familiær skal bli godt ivaretaken, og dessutan at ressursbruk og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv. Måla i reforma blir berre oppnådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren. Derfor blir barnevernreforma i tillegg omtala som ei oppvekstreform.

Barnevernsreforma gir kommunane eit større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Dette stiller krav til leiing i barnevernet, kommunen si styring av barnevernet og til det samla familiestøttande arbeidet. Eit av måla med reforma er at kommunane skal styrka arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa behovet til barna og familiane, er først og fremst ei investering i velferda til innbyggjarane, men må òg bli sett på som ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

OMGREPSAVKLARINGAR

Omsorgssvikt

Omsorgssvikt er når barnet ikkje får dekka fysiske, psykiske eller kjenslemessige behov, og barnet ikkje får den omsorga og vernet det treng heime. Omsorgssvikt kan utarta seg på ulike måtar ifølge [Bufdir sine definisjonar](#):

- Når barnet ikkje får dekka behova sine

Omsorgssvikt er når barnet ikkje får dekt fysiske, psykiske eller følelsesmessige behov, og barnet ikkje får den omsorga og vernet det treng heime.

- Foreldra sine eigne utfordringar

Omsorgssvikt kan komma av psykiske problem hos foreldre, eller det kan handla om alkohol- eller rusmisbruk, eller kriminalitet.

Nokre barn kan òg oppleva at foreldra har ein så omfattande konflikt seg imellom at omsorgssituasjonen blir skadelidande.

Andre barn opplever å bli utsett for fysisk vald, eller dei kan oppleva at far, mor eller søsken blir utsett for vald.

- Meistrar ikkje grunnleggande omsorg

Nokre foreldre meistrar ikkje den heilt grunnleggjande omsorga, som å gi barnet godt stell, nok mat og nok klede, og set dermed barnet i ein situasjon preget av vanskjøtsel.

Andre foreldre utset barnet for psykisk mishandling. Nokre foreldre forgrep seg seksuelt på eige barn, eller lèt andre vaksne forgripa seg seksuelt på barnet.

- Meistrar barn med særskilde behov

Enkelte foreldre kunne ha meistra eit barn med vanlege omsorgsbehov, men meistrar ikkje eit barn med særskilde behov, til dømes barn som har nedsett funksjonsevne eller psykisk eller somatisk sjukdom.

Barn kan òg utvikla eige rusmisbruk eller andre problem som gjer det vanskeleg eller for krevjande for foreldra å ta godt nok vare på dei.

Åtferdsvanskar

Åtferdsvanskar eller åtferdsforstyrningar hos barn og ungdom blir kjenneteikna av ulike former for regelbrytande eller utagerande åtferd. Åtferda blir gjenteken over tid og er tydeleg

utanfor det som blir vurdert som sosialt akseptabelt. Barne- og ungdomsåra er prega av store kjenslemessige og sosiale endringar, og det er særleg i desse åra at åtferdsvanskar kan oppstå. Tidlege åtferdsvanskar hos barn utgjer ein risikofaktor for mange psykiske, fysiske og sosiale problem blant ungdom og vaksne ([Folkehelseinstituttet 2020](#)).

Tidleg innsats

Tidleg innsats betyr eit godt pedagogisk tilbod frå tidleg småbarnsalder, at barnehagar og skular arbeider for å førebygga utfordringar, og at tiltak blir sett inn umiddelbart når utfordringar blir avdekkja ([Meld. St. 6 - Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skule og SFO](#)). Godt førebyggande arbeid krev at vi startar tidleg, tenker og handlar langsiktig. Eit av måla med oppvekstreforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. Tidleg innsats, som er godt tilpassa behovet til barna og familiene, er først og fremst ei investering i velferda til innbyggjarane, men må òg bli sett på som ei investering som kan spara kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare. Kommunen sitt ansvar for tidleg oppdaging av utsette barn og unge er omtala i [Nasjonal retningslinje for tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge](#).

Risiko- og beskyttelsesfaktorar

Øyvind Kvello, ein norsk psykolog, har utvikla ei teoretisk tilnærming som vert nytta til å forstå og beskrive risiko- og beskyttelsesfaktorar knytt til mental helse og trivsel. Modellen tar omsyn til eit breitt spekter av faktorar som påverkar den mentale helsa og korleis dei kan beskytte mot eller auka risikoen for mentale problem. Risikofaktorar er ei fellesnemning på forhold som aukar faren for at personar utviklar psykiske og/eller sosiale vanskar. Beskyttelsesfaktorar er forhold som dempar dei negative konsekvensane ved nærvær av risikofaktorar.

Her er eit oversyn over korleis Kvello-modellen beskriv risiko- og beskyttelsesfaktorar:

1. Faktorar primært knytt til kjernefamilien

- Risikofaktorar:
 - Moderat eller alvorleg grad av psykiske lidingar hos foreldra (personlegheitsforstyrningar, depresjonar, bipolar liding og psykosar)
 - Langvarig høgt konfliktnivå mellom foreldra og/eller mellom foreldra og deira sosiale nettverk/slekt
 - Foreldre som har vakse opp med omsorgssvikt, overgrep og/eller mishandling
 - Foreldre som har ei skadeleg omsorgsutøving overfor barnet
 - Valdsutøving i familien
 - Nåtidig eller tidlegare kriminalitet hos foreldra
 - Rusmiddelmisbruk hos foreldra
 - Lang og/eller fleire fråskiljingar frå mor (spesielt reknast fråskiljing på meir enn ei ukes varighet i barnet sitt første leveår)
 - Foreldre som er arbeidsledige eller sporadisk knytt til arbeidsmarknaden, eller som er uføretrygda
 - Fleire enn tre flyttingar frå barnet er tre år til 18 år gammalt (må innebere brot med venner, skifte av barnehage og/eller skule)
 - Samlivsbrot mellom foreldre
 - Foreldre som inngår nytt parforhold

- Familien har uavklart oppholdsstatus i landet
 - Familien er stigmatisert/høyrer til ein etnisk minoritet
- Beskyttelsesfaktorar
 - Foreldre med god omsorgsutøving
 - Foreldre som har høgskuleutdanning eller høgare og er i jobb (eller under utdanning)
 - Eit godt forhold til og jamn kontakt med sine søsken (om søsken har store vanskår, gjeld ikkje dette punktet)

2. Faktorar primært knytt til system ut over kjernefamilien:

- Risikofaktorar
 - Eit belasta nærmiljø med mykje arbeidsløyse, kriminalitet og rusmiddelmisbruk
 - Ein barnehage eller skule som er prega av høgt sjukefråvær eller utskiftingar av tilsette, lite struktur og dårlig kontakt mellom vaksne og barn
- Beskyttelsesfaktorar:
 - Semje om dei grunnleggande verdiane i oppdragelsen av barnet mellom dei som er aktive i omsorga for barnet (for eksempel foreldre, besteforeldre, barnehage)
 - Ein barnehage eller skule prega av inkludering av barnemangfaldet, gode relasjonar mellom dei tilsette og barna, ein klar struktur og god kontakt mellom barnehage/skule og heimen
 - Ved nærvær av mange risikofaktorar: Å ha tilgang til støttande vaksen i det offentlege som har hyppig og langvarig kontakt med barnet
 - Foreldre som engasjerer seg i skulegangen til barnet

3. Faktorar primært knytt til barnet:

- Risikofaktorar:
 - Født prematurt og med låg fødselsvekt
 - Ei generell utviklingsforsinking/lågt intellektuelt nivå/har syndrom/ein hjerneorganisk skade
 - Er impulsiv, hyperaktiv, har oppmerksomheits- og konsentrationsvanskår
 - Er sky, aktivt tilbaketrekkande og ser ut til å vere generelt utrygg
 - Psykiske lidinger
 - Utsett for omsorgssvikt, mishandling, seksuelle overgrep og/eller utnytting
 - Fleire alvorlege somatiske sjukdommar i førskulealder
 - Utrygg tilknytningsstil – besvares kun av personar med slik spesialkompetanse
 - Vanske med å etablere aldersadekvate vennskap (gjeld spesielt frå femårsalderen av). Relasjonsbrot til personar som barnet står nær, som foreldre, søsken, venner osv.
 - Utsett for alvorleg mobbing av minst eitt års varigheit
 - Mistar foreldre eller søsken i dødsfall – spesielt sjølvmord
 - Adoptert (jo eldre barnet var ved adopsjon, jo dårligare kvaliteten har vært på omsorga før adopsjon og om det har vore rusmisbruk, dårlig ernæring



- og/eller mykje stress i mors liv under svangerskapet, desto høgare er risikofaktoren)
- Fosterheimspllassert (det er eit betydelig tal av alvorlege risikofaktorar som ligg til grunn for fosterheimspllassering, samt at plassering i seg sjølv inneber relasjonsbrot som kan sjåast på som eit traume)
- Rusmiddelmisbruk hos barnet/ungdommen
- Beskyttelsesfaktorar:
 - Aldersadekvat kompetanse (kognitiv, språkleg, sosial, emosjonell, åtferd, moral, motorikk)
 - Har hobbyar og interesser det utfolder seg i og/eller talentar det får god bekrefting på
 - Planlegg sin eigen livssituasjon (framtidorientering – gjeld for barn over tolv år)
 - Fråvær av psykiske lidinger
 - Interesserer seg for og tilpassar seg skulens krav og har gode skulefaglege prestasjonar
 - Ei tru/overbevisning (religiøs tru eller emosjon av samanhengar i livet, å sjå seg sjølv som en viktig del av ein større heilheit) (gjelder for barn over tolv år)
 - Ei aktiv meistring ved utfordringar

Kvello-modellen understrekar at risiko- og beskyttelsesfaktorar er komplekse og samspelar på fleire nivå. Dei fleste av oss handterer 1–2 risikofaktorar, og dei fleste av oss har det. Når menneske må handtera 3–4 risikofaktorar, kjenner dei fleste at det kan butta imot og kan utvikla symptom på overlast. Det blir då definert som risikoutsett og auka sannsynlegheit for å utvikla vanskar. Har ein 5 eller fleire risikofaktorar blir ein definerte som høgrisikoutsett, og det er svært sannsynleg at ein utviklar vanskar.

Kvello meiner at dei to viktigaste beskyttelsesfaktorane hos barn og unge er omsorgsevna til foreldra og kompetansen til barnet. Desse slår ut som ekstra verksame på tvers av studiar og på tvers av typar risikofaktorar. Forståinga av desse faktorane kan hjelpe til med utvikling av førebyggande tiltak og behandlingsstrategiar for å fremje god mental helse og trivsel. Viktig å merka seg at denne modellen er ei teoretisk tilnærming, og faktorane som påverkar mental helse kan variera frå person til person.

Førebyggande arbeid

Dei ulike risikofaktorane krev ulike førebyggande tiltak, på alle førebyggingsnivå: Universelt, selektivt og indikert nivå.


Universelle tiltak er dei grøne tiltaka i pyramiden. Universell førebygging omfattar innsats retta mot alle barn og unge og/eller foreldra deira utan at ein har identifisert individ eller grupper med høgare risiko.

Selektiv førebygging er dei gule tiltaka i pyramiden og er tiltak retta mot grupper med kjent og/eller høgare risiko for å utvikla problem. Tiltaka her skal motverka negativ utvikling hos barn og unge og/eller foreldra deira.

Indikerte tiltak er dei raude tiltaka i pyramiden. Indikert førebygging er tiltak retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på problem. Tiltak retta mot ungdom med byrjande



rusproblem eller tiltak retta mot barn og unge med symptom på psykiske vanskar er døme på indikert førebygging.



OPPVEKST I ÅSERAL

I dag er det 184 barn under 18 år i Åseral kommune, av 909 innbyggjarar totalt (ssb.no, 07.11.2023). Dette er ein nedgang på 53 barn frå 2013. SSB spår ein nedgang i folketal i kommunen og førespeglar 840 innbyggjarar i 2030.

Skildring av utfordringsbiletet i kommunen er forankra i Ungdata 2022, folkehelseoversiktta 2023, tilstandsrapport for grunnskule 2022 og tilstandsrapport for barnevernstenesta 2022.


Ungdata

Ungdata er ein nasjonal barne- og ungdomsundersøking der skuleelevar over heile landet svarer på spørsmål om korleis dei har det og kva dei driv på med i fritida. Undersøkingane er tilpassa ungdom på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Ifølge undersøkinga Ungdata 2022 ser vi enkelte utviklingstrekk som bekymrar:

Sammenlignet med Agder:

- Noe forskjelling mot mer omfattende psykiske plager blant unge sammenlignet med Agder
- Risikofylt rus bruk som i fylket
- Lavere andel med lav SØS, men høyere andel med risikooppføring
- Beskyttelsesfaktorer omtrent som Agder, men noe lavere på deltakelse og skole og familie



Ung i Setesdalsregionen v/Signe Vrålstad og Geir Møller, Telemarksforsking

*SØS er en forkortelse for sosioøkonomisk status

Folkehelseprofil

Folkehelseprofilen er eit bidrag i arbeidet til kommunen med å skaffe oversikt over helsetilstanden hjå innbyggjarane og faktorar som har innverknad på denne.

Oppvekstprofil

Oppvekstprofilen viser nokre av styrkane og utfordringane i kommunen og kan nyttast i planarbeidet for barn og unge og oppvekstmiljøet deira. Indikatorane som blir presenterte i profilen er valde med tanke på å fremma oppvekstmiljøet til barn og unge og må tolkast i lys av kunnskap om lokale forhold.

Utfordningsbildet

Det er tre hovudutfordringar som peiker seg ut i Åseler:

1. Barn som bur i familiar med vedvarande låginntekt

Kommunen har i store delar av perioden 2020–2022 lege signifikant dårligare an enn landsnivået når det gjeld personar som bur i hushaldninga med låg inntekt. I siste folkehelseprofil 2023 ligg vi om lag på nivå med fylket og landet elles, men denne ser berre på barn i aldersgruppa 0–17 år. Låginntekt er her definert som under 60 % av nasjonal medianinntekt. Resultat frå ungdataundersøkinga 2022 syner at 66 % av ungdommen opplever at økonomien i eigen familie har vore god heile tida eller stort sett heile tida, 30 % har hatt verken god eller dårlig råd og 3 % stort sett dårlig råd. 17 % oppgav at foreldra av og til manglar pengar til å betale for fritidsaktivitetar.

Barn og unge som veks opp i vedvarande låginntekt opplever oftare dårligare levekår samanlikna med andre barn og unge. Dei har høgare risiko for usunne levevanar, psykiske plager, svakare skuleprestasjonar og for å ikkje fullføra vidaregåande skule. På sikt har dette innverknad på moglegheita desse barna har for å klara seg godt i utdanning og arbeid og for å oppnå god helse.

2. Barn og unge med psykiske plager

Den nasjonale rapporten frå Ungdata-undersøkinga viser at psykiske problem aukar generelt hos barn og unge i Noreg, særleg blant jenter. Tilsvarande tal finn vi i Åseral. Dette kan vere ein peikepinn på at vi treng å systematisere tiltak og tenke gjennom kva som skal til for å redusere talet på ungdommar som får psykiske problem.

3. Mobbing

Det er små tal i elevundersøkinga frå grunnskulen, og dei kan difor ikkje offentleggjerast med bakgrunn i personvern. Det er likevel kjent at mobbing skjer i skulen. Skulen bygger sitt kunnskapsgrunnlag mellom anna i ordinær deltaking i skulekvardagen, observasjon, elevsamtaalar, utviklingssamtaalar, drøftingsmøte i skulen, elevundersøkinga, Ungdata, spesifikke kartleggingar ved behov, tal på varslingar til rektor og saker i elevråd og samarbeidsutval. Arbeidet med læringsmiljø er ein kontinuerleg prosess.

Mobbing aukar risiko for eit breitt spekter av helseproblem, fråvær og dårligare skuleprestasjonar.

Tilbod til barn og unge i Åseral kommune

Det er mange stillingar i kommunen som arbeider førebyggande i Åseral kommune. Sjølv om stillingane nødvendigvis ikkje har førebygging som sitt hovudvirke så er dei viktige for det førebyggjande arbeidet.

Vidare blir det presentert ei oversikt over dei ulike sektorane som arbeider med barn og unge i kommunen.

OPPVEKSTSEKTOREN	
Barnehagen	Åseral barnehage har 3 avdelingar med barn i alderen 0–6 år. Barnehagen er godkjent for 65 plassar.
Grunnskulen	Åseral barne- og ungdomsskule har 113 elever hausten 2023.
Skulefritidsordning (SFO)	Frå januar 2022 er SFO gratis for elevar i Åseral kommune. Det er 26 barn som har plass i SFO.

Vaksenopplæring	Vaksenopplæring er ein samlebetegnelse på opplæring som er særskilt retta mot vaksne med sikte på personleg utvikling, kvalifisering for arbeidslivet eller kvalifisering for vidare skulegang. Åseral kommune kjøper denne tenesta ved Evje og Hornnes ungdomsskule.
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)	Midt-Agder PPT dekker kommunane Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes og Åseral. PPT skal hjelpe barn, elevar og vaksne med behov for særskilde tilretteleggingar. Føremålet er at dei får eit inkluderande, likeverdig og tilpassa tilbod. PPT skal også hjelpe barnehagar og skular med å legge til rette for barn og elever med særskilde behov.
HELSESEKTOREN	
Helsestasjon og skulehelseteneste	Helsestasjon og skulehelseteneste er eit lågterskeltilbod til alle barn og unge og deira føresette. Tilboden omfattar svangerskapsomsorg, helsestasjon 0–5 år og skulehelseteneste 6–20 år. Tilboden er gratis.
Lokalmedisinske tenester (LMT)	Lokalmedisinske tenester Setesdal er eit interkommunalt helsesamarbeid mellom Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral kommunar. Evje og Hornnes kommune er vertskommune. LMT Setesdal består av leiar/samhandlingskoordinator for region Setesdal, ruskoordinator, systemansvarleg IKT helse og omsorg, koordinator for hukommelsesteam, kreftkoordinator, audiograf og kardiologiteneste.
Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak (SLT)	Åseral kommune nyttar SLT-modellen for å samordna rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak for barn og unge. Ved hjelp av SLT-modellen kan kunnskap og ressursar bli koordinert effektivt mellom politiet og relevante kommunale einingar, og dessutan næringsliv og frivillige organisasjonar.
Psykisk helse og avhengighet	Psykisk helse og avhengigheit har kontor på helsehuset. Dei har brei erfaring innan fagfelte psykisk helse og rus og kan hjelpe til med samtalar og rettleiing, familiertettleiing, praktisk bistand o.a. Det er òg tilbod om rettleiing mtp. sinnemeistring. Det er nært samarbeid med lege, helsestasjon og andrelinjetenesta.
Folkehelsekoordinator	Åseral kommune har ein folkehelsekoordinator tilsett i 20 prosent stilling som jobbar med fokus på fysisk aktivitet og førebyggjande arbeid.
Barnekoordinator	Familiar som har behov for langvarige og koordinerte tenester på grunn av den alvorlege sjukdommen til barnet, skade eller funksjonsnedsetjing kan ha rett på individuell plan og ein barnekoordinator. Dette er ei lovpålagnad teneste som er organisert i helse- og omsorgsforvaltninga. Ein individuell plan skal oppdaterast fortløpande og vera eit dynamisk verktøy i koordinering og målretting av tenestetilboden. Gjennom oppnemninga av barnekoordinator blir det utpeika kven som har ansvaret for samordninga av tenestene til barnet. Føremålet er å sikra at det alltid er éin tenesteytar som har hovudansvaret for oppfølging og at barnet får eit heilskapleg og godt tilbod.

Støttekontakt	Tenesta er for barn, ungdom, voksne og eldre som treng støtte og hjelp til å delta i kultur- og fritidsaktivitetar. Den viktigaste oppgåva til støttekontakten er å hjelpe ein annan person til å ha ei aktiv og meiningsfylt fritid.
Fysioterapiteneste	Fysioterapi er ei klinisk og førebyggjande verksemd. Det er ei lovpålagnad teneste. Fysioterapeutar har rett til å undersøkja og behandla utan tilvising frå lege eller anna helsepersonell. Frisklivssentralen ligg òg under fysioterapeutane. Åseral kommune har tilsett fysioterapeut der ein del av stillinga er kommunal og resten er privatpraktiserande med driftstilskot. Den kommunale delen av fysioterapien har tett samarbeid med helsestasjon, barnehage, skule, omsorg og rehabiliteringstenesta.
Frisklivssentral	Frisklivssentralen i Åseral gir rettleiing og støttar innbyggjarar som ønskjer å endra levevanar knytt til fysisk aktivitet, kosthald eller tobakk.
Flyktningteneste	Busetjing og integrering av flyktningar er ei kommunal oppgåve. Flyktningtenesta skal hjelpe flyktningane i introduseringsprosessen dei fyrtre 5 åra dei er busett i kommunen.
Utlån av utstyr	Helsehuset har kjøpt inn diverse utstyr som familiar og barn kan låna gratis i Åseral kommune. I løpet av 2024 blir tilbodet utvida til Barn-Unge-Aktivitet (BUA).
KULTURSEKTOREN	
Kulturskulen	Åseral kommune starta sin eigen kulturskule hausten 2021. Det er tilbod om gitar, panfløyte, tverrfløyte, piano, trommer, visuell kunst og dans. Frå hausen 2023 startar eit prøveprosjekt med samspel/band ein dag i veka i musikkrommet.
Minne kultursenter	Senteret syner Åserals kulturarv og kulturliv med bygdemuseum, turistinformasjon, filmsal og kafé. Minne er ein møteplass kor folk kan treffast fast kvar uke.
Bibliotek	Åseral kommune har eit folkebibliotek som er lokalisert på Minne kultursenter samt eit skulebibliotek på Åseral barne- og ungdomsskule.
Ungdomsklubben	Ungdomsklubben er open onsdagar og tilbyr aktivitetar som klubbkveldar, quiz, biljardturnering, paint-ball og diskotek.
Bygdekino	Bygdekinoen er eit omreisande tilbod med kinoframsyning på stadar som ikkje har eigen, fast kino. Bygdekinoen har eige mobilt utstyr og syner film i Åseral fleirbruks hus, gamle gymsal. Det vert vist film ca. ein gong i månaden.
Fleirbruks hus og idrettsanlegg	Kommunen har gode areal og fasilitetar for idrett og aktivitet. Fleirbruks huset inneheld svømmehall, skytebane, styrkerom, idrettshall og scene med teleskoptribune og lyd- og lysanlegg.
Alpinanlegg og lysløype	Det er tre hyttegrender i Åseral med alpinanlegg og skiløyper. Lysløypa i Kyrkjebrygd blir drifta av Åseral idrettslag.
Ungdomsråd	Åseral har et aktivt og velfungerande ungdomsråd.
INTERKOMMUNALE TENESTER	
Barnevernstenesta	Midt-Agder barnevernteneste er ei interkommunal teneste bestående av kommunane Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes og Åseral. Vennesla er vertskommune. Iveland

	<p>commune blei med i det interkommunale samarbeidet i 2009, Evje og Hornnes i 2015 og Åseral i 2020. Hovudkontoret er i Vennesla kommune, i lokale på Hunsøya. Barnevernstenesta disponerer også kontor for samtalar i både Evje og Hornnes og Åseral kommune.</p> <p>Midt-Agder barneverneneste har eit samarbeid med Kristiansand kommune vedk. barnevernvakt. Det inneber at barnevernsvakta i Kristiansand kommune har akuttberedskap for Midt-Agder barnevernsteneste utanfor kontorets opningstider. Dette inneber også helger og heilagdagar.</p>
NAV	<p>Åseral er ein del av NAV Midt-Agder, med Vennesla som vertskommune.</p> <p>NAV har kontor i rådhuset i Åseral.</p> <p>NAV kan gi rådgiving for å førebygge eller løyse utfordringar med heimeforhold, bustadforhold, omsorg for barn, arbeid eller økonomi.</p>
Politi	<p>Åseral kommune ligg under Agder politidistrikt, med nærmeste politistasjon på Byremo. Kommunen har eigen politikontakt. Politiet deltek i ulike tverrfaglege samarbeidsforum og kan kalla inn barn og føresette til bekymringssamtalar.</p>
FRIVILLIGE ORGANISASJONAR, LAG OG FORENINGAR	
Åseral har fleire aktive lag og foreiningar som bidreg betrakteleg i kommunens tilbod	Sjå foreningsportalen på heimesida til Åseral kommune.

Tilbod utanfor kommunen

I tillegg til dei kommunale tilboda finst det svært mange tilbod som førebyggjer omsorgssvikt og åferdsvanskar i regi av stat og fylkeskommune. Av statlege tilbod kan det nemnast familievernkontora og konfliktrådet. Fylkeskommunen har fleire tilbod knytt til dei vidaregåande skulane, mellom anna oppfølgingstenesta (OT) og elevtenesta. Avdeling for den psykiske helsa til barn og unge (ABUP) ved SSHF yter barne- og ungdomspsykiatriske tenester etter tilvising. Sørlandet krisesenter er eit interkommunalt samarbeid der Kristiansand er vertskommune. Tilboda rettar seg mot menneske som er utsette for vald, eller truslar om vald, frå menneske i nær relasjon.

TVERRFAGLEG SAMARBEID

I tillegg til alt det førebyggjande arbeidet som ligg i dei ulike sektorane som jobbar med barn og unge er det òg oppretta tverrfaglege samarbeid internt i kommunen og interkommunalt samarbeid som har fokus på førebygging. Kommunen har fleire typar **samarbeidsmøte** der saker kan diskuterast anonymt eller det blir innhenta samtykke frå føresette for å utveksla informasjon på tvers av fagmiljø. Døme på dette er samarbeidsmøte mellom oppvekstsektoren og helse og velferd. I dette samarbeidet kan fleire fagmiljø hjelpe til med kompetanse og samarbeida med å finna løysingar på tvers. Einingsleiarar og rådgjevar har regelmessig møte for drøfting på systemnivå og for å sikre at kommunen har nødvendig kompetanse og ressursar.

Det interne støttesystemet ved skulen er eit samarbeidsforum for å fanga opp og hjelpe enkeltelevar og er viktig i tidleg innsats. Det består av skuleleiing, skulehelsetenesta, PPT og interkommunale instansar, som barnevernet. Skulen har eit **koordinerande team** som består av rektor, avdelingsleiar, sosiallærar og spesialpedagogisk koordinator for å koordinere tiltak for barn og unge.

Overgangar kan vera ei sårbar tid for barn og unge og Åseral kommune har derfor prosedyrar som omhandlar **overgangen frå barnehage til skule** og barneskule til ungdomsskule til vidaregåande skule. Desse prosedyrane omhandlar i hovudsak samarbeid mellom dei aktuelle instansane og kva aktivitetar som skal gjennomførast når.

Regional kompetanseheving i barnehage (Rekom) og desentralisert

kompetanseutvikling i skule (Dekom) er et samarbeid mellom kommunalt leiarnivå i nedre Setesdal, Agder fylkeskommune, Statsforvaltaren i Agder og Universitet i Agder og er en sentral arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette på fleire nivå i barnehage, skule og PPT.

Åseral kommune deltek frå 2023 i **kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis**. Kompetanseløftet omfattar tenester i laget rundt barnet som er tilsette i barnehage, skule, PP-tenesta, helsestasjon og barnevern. Ordnina skal bidra til at alle kommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne førebyggja, fanga opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging.

ANBEFALTE SATSINGSOMRÅDE

Helsestasjon, barnehage og skule møter alle barn og unge i kommunen og er slik sett unike universelle arenaer for førebyggjande arbeid.

Helsestasjonen møter dei fleste gravide og alle familiar med nyfødde barn. Allereie i svangerskapet byrjar førebuinga på foreldrerolla. Helsestasjonen er i dei fleste tilfelle den einaste offentlege instansen som ser barn og familiar regelmessig før barnet byrjar i barnehage og har derfor eit viktig ansvar for å styrkja meistringa til foreldra av foreldrerolla, oppdaga eventuelle avvik i utvikling og hindra og avdekka vald, overgrep og omsorgssvikt hos dei minste barna (Helsedirektoratet, 2017). Tidleg innsats og universelle tiltak i helsestasjonstenesta er viktige prinsipp for å jamna ut sosiale helseforskjellar. Tenestene skal vera tilpassa føresetnadane til den enkelte og tilby oppfølging av den enkelte ut i frå lovpålagt oppfølgingsprogram med fastsette konsultasjonar for den gravide, barnet og behovet til foreldra.

Nest etter foreldra legg barnehagen det første grunnlaget for livslang læring. Gode oppvekstvilkår blir kjenneteikna ved omsorgsfulle og engasjerte foreldre, god og inkluderande **barnehage og skule** og eit trygt og sikkert lokalsamfunn. God kontakt mellom heim og kommune, moglegheiter for ein sunn og aktiv livsstil og dessutan eit breitt og godt kultur- og aktivitetstilbod påverkar òg kvaliteten på oppvekstvilkåra til barn og unge. Kommunen vil vidareføra og styrke aktiv samhandling med frivillige, understøtta aktiviteten deira og utvikla gode tenester.

Ved å styrkja tverrfagleg innsats i barnehage og skule vil ein kunna komma tidlegare inn og nå fleire. Å møta behovet til individet for omsorg, tryggleik, tilhørsel og anerkjenning og sikra at barna får ta del i og medverka i fellesskapet er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen ([Rammeplan for barnehage, 2017](#)). Opplevinga til barn av trivsel, tryggleik og meistring er av dei viktigaste tiltaka for å motverka åtferdsproblem. Barnehagen har òg eit

stort potensial i foreldresamarbeidet ved at dei dagleg møter foreldre. Gode rollemodellar og god og tilgjengeleg kompetanse for foreldre er eit viktig førebyggjande tiltak for å forhindra omsorgssvikt. Skulen har både eit danningsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Dei er gjensidig avhengig av kvarandre. Sosial læring skjer både i undervisninga og i alle andre aktivitetar i regi av skulen. Fagleg læring kan ikkje isolerast frå sosial læring (frå overordna del i skriv Kunnskapsløftet 2020 ([LK-20](#))), og ansvaret til skulen i å sikra inkluderande opplæring i fellesskapet er av stor betydning for utviklinga til barn. Barnehage og skule har etablerte samarbeidsarenaer for foreldre på både gruppe- og individnivå. Oppgåva til kommunen er å lytta og ha ein likeverdig dialog med foreldre. Gjennom utviklingssamtalar, foreldremøte, samarbeidsutvalet (SU), foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) og uformelle samtalar skal barnehage og skule sikra god dialog med foreldre. Barnehage og skule skal òg kunna gi råd og rettleiing. Tema kan vera mobbing, leik- og læringsmiljø, inneklima og samarbeid med andre foreldre. Barnehagen og skulen i Åseral skal stimulera dialogen mellom heim og skule og bidra til å få så mange foreldre som mogleg med i dette samarbeidet.



DEL 2

TILTAK

Førebyggjande tiltak for barn og unge krev innsats på ulike nivå og vil øg krevja auka økonomisk satsing på sektoren. Tiltaka er meinte å førebyggja, og på sikt håpar vi å spa alle for dei «tunge løfta», både personleg og økonomisk.

Alle barn, unge og føresette i Åseral kommune (universell førebygging)

Tiltak	Beskrivelse/målgruppe	For kven	Kor	Ansvar
Svangerskapskurs/ fødselsførebuande kurs	Foreldreførebuande gruppe i regi av jordmor på helsestasjonen.	Gravide	Helsestasjonen	Helsestasjonen Jordmor
Jordmor	Oppfølging frå jordmor i svangerskapet. Tilgjengeleg for alle kvinner i Åseral kommune.	Alle kvinner, gravide, ammande	Helsestasjonen	Helsestasjonen Jordmor
Edinburgh postnatal depresjonsskår (EPDS)	Rutinemessig kartlegging av svangerskaps- og barseldepresjon.	Gravide og nybakte mødre	Helsestasjonen	Helsestasjonen
Matnyttig	Kosthaldstiltak med mål om å betra kosthald og ernæring tidleg i livet.	0–2 år	Helsestasjonen Barnehagen	Helsestasjonen Einingsleiar barnehage
Gratis mat i barnehage	Barnehagen tilbyr gratis mat kvar dag for alle barn.	Barn i barnehagen	Barnehagen	Einingsleiar barnehage
Gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling i barnehagen	Alle 2-, 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushald med låg inntekt, har rett til å få 20 timer gratis opphaldstid i barnehage per veke.	Barn i barnehagen	Barnehagen	Barnehagefagleg rådgjevar
«Hele meg»	Eit samtaleverktøy om kropp og kjensler som kan brukast i samlingstunder og aktivitetar.	Barn i barnehagen	Barnehagen	Helsesjukepleiar og pedagogar

Traumebevisst omsorg	Kurs ved regionalt ressursenter om vold, traumatiske stress og selvmordsforebygging (RVTS) for tilsette som jobbar med barn	1–16 år	Barnehagen Skulen	Einingsleiar barnehage Einingsleiar skule
«Snakkemedbarn»	Alle tilsette i tenester som møter barn og ungdom for å styrke vaksne sine ferdigheter til å snakke med barn dei er bekymra for på ein måte som trygger barnet	1–18 år	Helsestasjonen Barnehagen Skulen	Einingsleiar helse og velferd Einingsleiar barnehage Einingsleiar skule
Tidleg innsats i barnehagen	Kvello-modellen: Tverrfagleg observasjon som vert gjennomført i barnehagen kvar haust. Observatørar er barnehagen, helsejukepleiar, fysioterapeut, PPT og barnevern. Det vert gjennomført observasjon før eit oppsummerande møte. Dersom det vert avdekkja noko, blir dette teke opp med foreldre for ei vidare handsaming.	1–6 år i barnehagen og deira foreldre	Barnehagen	Einingsleiar barnehage
Barnesamtalar	Samtalar med barn om barnehagekvadagen i forkant av foreldresamtalar.	Barn med språk i barnehagen	Barnehagen	Einingsleiar barnehage
Tett samarbeid mellom skulen og heimen	Låg terskel for kommunikasjon mellom skulen og heimen. Skulen inviterer til to årlege utviklingssamtalar.	Føresette og elevar	Skulen	Einingsleiar skule
Tidleg innsats skule	To-lærarsystem i fleire av basisfaga. Jamlege klassemøte med alle tilsette i klassen der ein tar opp saker på individ- og systemnivå. Er ein bekymra for noko, blir dette sendt vidare til koordineringsteam.	1.–10.trinn	Skulen	Einingsleiar skule
Gratis skuelunsj	Skulen tilbyr gratis skuelunsj og felles måltid for heile skulen kvar skuledag	1.–10. trinn	Skulen	Einingsleiar skule



Gratis skulefritidsordning (SFO)	Kommunen har tilbod om gratis SFO.	1.–4. trinn	Skule	Einingsleiar skule
Trivselsprogram	Skulen tar del i program for aktivitet og inkludering for å bidra til betre samhald og eit tryggare skolemiljø gjennom organisert aktivitet i friminutta.	1.–10. trinn	Skulen	Einingsleiar skule
Meir leik på timeplanen	Meir frileik på timeplanen (Mosby-modellen) er eit tilbod til enkelte trinn i første omgang for at alle elever skal oppleve meistring og læringslyst.	1.–10. trinn	Skulen	Einingsleiar skule
Foreldrerettleiingskurs COS-P	Foreldrerettleiingskurs Circle of security (COS-P), tryggleikssirkelen, skal vere eit verktøy for foreldre for betre å forstå kva behov barn har, kva signal dei gjev og kva ein kan gjere for å møte desse behova betre. Dette er eit tilbod gjennom helsestasjonen. Det vert informert om tilboden på foreldremøte og foreldresamtalar i barnehagen og på skulen.	Foreldre med barn 1–6 år Foreldre med barn 1.–4. trinn	Barnehagen/ skulen/ helsestasjonen	Helsestasjonen
Leksehjelp 7.–10. trinn	Fast ordning ved ungdomsskulen Tilbod til elevar 7.–10. trinn	7.–10. trinn	Ungdomsskulen	Einingsleiar skule
Rådgjevar skule	Karriererettleiing	Ungdom	Skulen	Rådgjevar skule
Elevsamtalar	Samtale mellom lærer og elev der både fagleg og sosialt fokus er vektlagt	1.–10. klasse	Skulen	Lærar



Elevundersøkinga	Kvart år.	5.–10. trinn	Skulen	Einingsleiar skule
UngData	Kvart 3. år for ungdomsskulen.	8.–10. trinn	Skulen	Einingsleiar skule
Snakkekort frå Blå Kors	Gruppesamlingar delt i jente- og guttesnakk med helsejukepleiar på skulen med ulike tema t.d. rus, tobakk, gaming.	8. trinn	Skulen	Skulehelsetenesta
Helsestasjon for ungdom	Eige tilbod til ungdom. Tilboden er gratis og alle som arbeider her har teieplikt.	13–20 år	Helsestasjonen	Helsestasjonen
Helsesamtalar på skulen	Samtale med eleven om helse og trivsel.	3. og 8. trinn	Skulehelsetenesta	Skulehelsetenesta
Miljøarbeidar	100 %-stilling inn i skulen som skal jobbe for at alle elevar skal trivast og ha ein god skulekvardag.	1.–10. trinn	Skulen	Einingsleiar skule
Open hall	Aktivitetar for ungdom i storefri.	8.–10. trinn	Skulen	Elevrådet
Samarbeid mellom skulen og frivilligcentralen	Samarbeid om yrkesmesse for ungdomsskulen og samarbeid om faget arbeidslivsfag	8.–10. trinn	Skule og næringsliv	Einingsleiar skule og frivilligcentralen



Samarbeid med frivilligsentralen	Gratis aktivitetstilbod, som f.eks. «Gøy på landet» og ferietiltak for barn, unge og familiær	0–18 år		Einingsleiar kultur Einingsleiar helse og velferd Ungdomsleiar og frivilligsentral
BUA	Gratis utlån av utstyr til sports- og fritidsaktivitetar.	0–18 år	Skulen Minne kultursenter	Folkehelse-koordinator
Garanti-ungdom	Ungdommar er garantert sommarjobb i kommunen.	16–17 år	Alle kommunale ansvars- område Private bedrifter	Personalkontoret i Åseral kommune
Familievernkontor	Tilbyr rådgjeving, rettleiing, kurs og samtalegrupper	0–18 år	Arendal Kristiansand Farsund Evje	Familievernkontor Agder
Av-og-til	Ein alkovettorganisasjon som bidrar til å redusere dei negative følgjene av alkoholbruk i samfunnet og gjøre kvardagen tryggare for alle.	0–18 år	Frivilligheita	Helse og velferd
Ungdomsklubb	Eit tilbod til ungdom som tilbyr ein sosialarena i fritida.	13–18 år	Minne	Einingsleiar kultur
Glashuset	Ein møtestad for ungdom.	Frå 5. trinn og oppover	Kyrkjebymiljøet	
Rettleiing hos NAV	Løyse utfordringar med økonomi, arbeid, busituasjon, heimeforhold eller omsorg for barn	Føresette	NAV-kontoret	NAV Midt-Agder



Barn og føresette med risiko for utvikling av vanskar (selektiv førebygging)

Tiltak	Beskrivelse/målgruppe	For kven	Kor	Ansvar
Drop-in møte ved ABUP	<p>Ein time med kompetanseheving.</p> <p>To enkelttimar i etterkant med oppsett prioritet kommunevis, ein vår og ein haust.</p> <p>Samtykke til å drøfte sak dersom familien ikkje deltar, men familien kan delta dersom ønskjeleg for å drøfte saken.</p>	Helsestasjon, psykisk helse og rus, barnehage, skule, sosiallærar, psykolog, lege (helsestasjon)	Digitale møte	Helsestasjonen
Foreldrerettleiingskurs COS-P	Foreldrerettleiingskurs Circle of security (COS-P), tryggleikssirkelen, skal vere eit verktøy for foreldre for betre å forstå kva behov barn har; kva signal dei gjev og kva ein kan gjere for å møte desse behova betre. Dette er eit tilbod gjennom helsestasjonen. Det vert informert om tilboden på foreldremøte og foreldresamtalar i barnehagen.	Foreldre med barn 1–6 år Foreldre med barn 1.–4. trinn	Helsestasjonen/ barnehagen/ skulen	Helsesjukepleiar
Mini-Risk	Skulen kan tilby eit kurs på 15 timer for barn og ungdom som strevar med engstelse og angst.	12–16 år	Skulen	Sosiallærar
Tidleg innsats	Gje barn eit hjelpetilbod på eit tidleg tidspunkt.	Gravide eller barn 0–6 år	Helsestasjon Barnehagen	Einingsleiar barnehage
Tidleg innsats koordineringsteam	Gje barn eit hjelpetilbod på eit tidleg tidspunkt. Eit tverrfagleg team kjem med rettleiing og tiltak. Dei som er i teamet er: Begge foreldra, jordmor ev. barnehage, helsesjukepleiar, PPT, barnevern og psykolog.	Gravide eller barn 0–6 år og foreldre	Helsestasjonen Barnehagen	Einingsleiar helse
Foreldrerettleiing v/kommunepsykolog	Eit lågterskeltilbod i samarbeid med psykisk helse og helsestasjonen til foreldre som strevar/har barn som strevar	Føresette	Helsestasjonen	Helse og velferd



Foreldrerettleiing helsestasjon	Eit lågterkseltilbod til føresette for å styrke meistring av omsorgsrolla.	Føresette	Helsestasjonen	Helse og velferd
Drop-in ved skule-helsetenesta	Eit lågterskeltilbod utan avtale for barn og unge i skulen.	1.–10.trinn	Skulen	Helsestasjonen
Barn og unge som påørande ved kreftsjukdom/barn og ungdom med kreft	Interkommunal kreftkoordinator har oppfølging av barn og ungdom som påørande ved kreftsjukdom og også barn og ungdom med kreft.	Barn i alderen 1–18 år og deira foreldre	LMT Setesdal	LMT Setesdal
Tidleg innsats i skulen	Tverrfagleg team: Gje barn eit hjelpetilbod på eit tidleg tidspunkt med rettleiing og tiltak. Dei som er med i teamet er: Begge foreldra, skulen, helsesjukepleiar, PPT, barnevern, psykolog og kjernegruppe.	6–16 år	Skulen	Einingsleiar helse og velferd
Kjernegruppe	Ungdom i ungdomsskulealder som blir vurdert til å vere i risiko for rus og kriminalitet. Dei som er med: Helsesjukepleiar, sosiallærar, politikontakt, barnevern og ruskoordinator.	Ungdom i ungdomsskulealder	Etter avtale	Sosiallærar
Støtte til barn og unge	Støttekontakt: Skal brukast som støtte til barn og unge i risikosona. Tidleg innsats og hjelp. Sosialt med aktivitetstilbod. Leksehjelp	Barn og unge	Helsestasjonen	Einingsleiar helse
Sosiallærar	Sosialpedagogisk rådgjeving	Barn og unge	Skulen	Sosiallærar skule
Ansvarsgruppe	Støttegruppe rundt enkeltindivid der til dømes føresette, PPT, støttekontakt, barnevern, kontaktlærar, avdelingsleiar, einingsleiar, sosiallærar, ABUP og	Barn og unge	Etter avtale	Einingsleiar helse



	habiliteringstenesta til barn og unge (HABU) er til stades.			
Ekstravakt i friminutt	For elevar som treng rettleiing og hjelp til det sosiale i friminutta.	Barn og unge	Skulen	Einingsleiar skule
Rettleiing hos NAV	Løyse utfordringar med økonomi, arbeid, busituasjon, heimeforhold eller omsorg for barn.	Føresette	NAV-kontoret	NAV Midt-Agder

Barn og føresette med behov for særlege tiltak, barn og føresette som har utvikla vanskar (indisert førebygging)

Tiltak	Beskrivelse/målgruppe	For kven	Kor	Ansvar
Individuell opplæringsplan	Eigen, tilpassa plan til barn og elevar som har spesielle behov	Barn og unge	Barnehagen Skulen	Einingsleiar barnehage Einingsleiar skule
Foreldrerettleiing COS-V	Foreldrerettleiingskurs Circle of security (COS-V), tryggleikssirkelen, skal vere eit verktøy for foreldre for betre å forstå kva grunnleggande behov barn har for tryggleik, tilhørighet og autonomi.	Foreldre	I heimen	Midt-Agder barnevern
Barn og unge som påørande av foreldre med psykiske helseutfordringer og rusproblem	Karlegging gjennom <i>Brukerplan</i> . Individuell oppfølging. Innhenting av samtykke frå foreldre for å kunne gje informasjon til barnehage og skule.	Barn og unge	Psykisk helse og rus	Psykisk helse og rus
Tiltak gjennom barnevernstenesta	Behovsprøvd hjelpetiltak etter lov om barnevernstenester: Generell foreldrerettleiing, COS-kurs, støttekontakt og besøksheim	Barn og unge og deira foreldre/føresette	Midt-Agder barnevern	Midt-Agder barnevern

Psykisk helse og rus – problematikk hos unge	Samtalar og oppfølging på individuelt nivå.	16–25 år	Psykisk helse og rus	Psykisk helse og rus
Rettleiing hos NAV	Løyse utfordringar med økonomi, arbeid, busituasjon, heimeforhold eller omsorg for barn.	Føresette	NAV-kontoret	NAV Midt-Agder

VURDERING

Godt førebyggjande arbeid krev at vi startar tidleg og tenkjer og handlar langsiktig. Gode løysningar i fellesskap er eit godt utgangspunkt for eit inkluderande oppvekstmiljø.

Undersøkingar og rapporteringar både nasjonalt og her i vår eigen kommune viser at det skjer mykje godt førebyggjande arbeid, men det er framleis utfordringar for å få dette til på ein god måte.

Åseral kommune har eit omfattande tenestetilbod med høg kvalitet som er drive av dedikerte medarbeidarar. Vi har korte liner mellom tenestene i kommunen og eit godt samarbeid. Vidare må vi arbeide for å etablere gode strukturar for utvikling av samhandling. Den kartlegginga som ligg til grunn for denne planen er eit godt utgangspunkt for å lage ei oversikt som tilsette kan bruke for å rettleie og hjelpe barn og familiar som strevar.

Sjølv om det blir gjort ein god innsats med oppfølging av barn og familiarar i dag, er det ei erkjenning av at ikkje alle har tilstrekkeleg kompetanse innan førebygging av åtferdsvanskar og omsorgssvikt. Det er derfor nødvendig å sikra ei heilsakapleg oppfølging uavhengig av kvar behovet blir oppdaga. Potensialet for utvikling ligg i å styrkja samarbeidsstrukturar og etablera ein kultur for konstruktivt samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske grenser, som kan gje heilsakaplege og samanhengande løysingar for innbyggjarane.

For å oppnå tydelege forventningar til praksis og sikre heilsakapleg samarbeid, er det avgjerande å konkretisera standardar, strukturar og rutinar. Dette kan støttast av opplæring og kompetanseheving blant personalet, og det er viktig å halda oppe klare forventningar for ein praksis der ein støttar kvarandre.

I tillegg bør oppfølginga av sårbare vaksne bli knytt nærmare førebyggjande tiltak for barn og unge då mange familieutfordringar er knytt til dei vaksne sine eigne vanskar.

Sosioøkonomiske faktorar spelar òg ei vesentleg rolle, og det er positivt å sjå at kommunen har gjennomført ei levekårskartlegging for å betre forstå fordelinga av slike forhold.

Denne planen er eit viktig verktøy for å sikra forpliktande og systematisk innsats for å leggja til rette for heilsakaplege tenester, førebyggande arbeid og tidleg innsats i Åseral kommune. For å sikra heilsakaplege og koordinerte løysingar, treng vi både strukturar for samhandling, felles forståing og god praksis i fleirfagleg samarbeid. Rolleforståing, deling av kunnskap, og gjensidig respekt hos leiarar og myndiggjorte medarbeidarar er grunnleggjande for å finna føremålstenlege løysingar på tvers og med innbyggjarane.